

Eigedomseininga

## Avtale mottak av brukt kunstgras frå Nordhordlandshallen

Følgjande avtale er inngått mellom Lindås kommune og Bergen Golfklubb, organisasjonsnummer 971351969.;

I samband med rehabilitering av dekket i Nordhordlandshallen hausten 2017, mottar Bergen Golfklubb 352 kvadratmeter brukt kunstgras frå Nordhordlandshallen vederlagsfritt. Kunstgraset må hentast utanfor Nordhordlandshallen i byrjinga av oktober 2017, på 8 rullar à ca 2X22 meter. Vekt per rull vil vera om lag 1 tonn. Mottakar må sjølv stå for bort-transport av kunstgraset. Denne transporten skal skje innan 2 døgn etter at Lindås kommune gir melding om at graset er klart for henting. Mottakar må vidare sjølv stå for legging av kunstgraset, samt alle utlegg i samband med dette arbeidet.

### Særlege omsyn i høve miljøkrav for kunstgras og gummigranulat:

Mottakar stadfestar å vera kjent med problematikken kring mogleg ureining frå brukt kunstgras og gummigranulat. Vidare er mottakar kjent med at Miljødirektoratet har sett i verk eit arbeid som kan medføra nye krav til handtering av brukt kunstgras og gummigranulat.

Ved å signera denne avtalen, tek Bergen Golfklubb over Lindås kommune sitt ansvar for å levera det brukte kunstgraset og gummigranulaten frå Nordhordlandshallen til godkjent mottak. Det inneber at Bergen Golfklubb forpliktar seg til å følgja dei reglane som måtte gjelda på det tidspunkt klubben ikkje lenger skal nytta graset frå Nordhordlandshallen.

Det brukte kunstgraset skal nyttast til dekke på treningsfelt på Bergen Golfklubb sitt anlegg. Dersom mottakar seinare skulle ønskja å nytta kunstgraset til anna føremål, skal dette avklarast med Lindås kommune på førehand.


Mottakar forpliktar seg vidare til å setja i verk nødvendige tiltak for å hindra at gummigranulat frå mottakar sitt anlegg kjem ut i naturen.

Knarvik 03.10.2017

---

For Lindås kommune

Therese Urdahl Braseth , einingsleiar eigedom



---

For Bergen Golfklubb

Ørjan Larsen, dagleg leiar